

Sjå adresseliste

Dykker ref.:	Vår ref.:	Dato:
	52408663/52408663_brev_Varsel_om_oppstart.docx	2024-12-20

► Melding om oppstart av planarbeid - Hyllestad kommune Detaljreguleringsplan for Havyard Leirvik, g/bnr. 85/8 m.fl.

Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Du får dette brevet grunna at du er, grunneigar, nabo, myndighet eller organisasjon som skal få varsel om planoppstart.

Norconsult AS er engasjert av Havyard Leirvik AS for å utarbeide framlegg til detaljreguleringsplan for Tersan Havyard, g/bnr. 85/8 m.fl. i Leirvik. Planområdet er på tilnærma 286 daa Bøfjorden, ein sidearm til Sognefjorden. Landarealet ligg på ei landtunge og har fjorden kring seg på 3 kantar.

Føremålet med planarbeidet er å avklare framtidig arealbruk for Havyard Leirvik på kort og lang sikt. I tillegg til vidareføring av dagens drift og funksjonar ved verftet, har Tersan Havyard identifisert følgjande behov for vidareutvikling av verksemda:

- Flytedokk
- Ny kai tilknytt flytedokk
- Tørrdokk
- Ny kai tilknytt ørrdokk
- Miljøstasjon
- Prosjekthall / lager


Dei nye funksjonane er i utgangspunktet tenkt plassert slik det går fram av figur 1 under, men plasseringa er ikkje låst og vil kunne justerast innanfor planområdet, på bakgrunn av funna og vurderingane som vert gjort gjennom planprosessen. I endeleg planframlegg vil arealet i sjø avgrensast til det som er høgst naudsynt for etablering av flytedokk, når endeleg plassering av denne er fastsett.

Storparten av planområdet er allereie nytta til industri og i stor grad prega av tiltak. Det er pårekneleg at dei nye tiltaka vil forsterke industripreget i området og i landskapet.

Følgjande føringar er lagt til grunn for planarbeidet:

- Forsterke og vidareutvikle drifta til Havyard Leirvik.
- Kartlegge og verdsette naturtypar i sjø. Avgrense negative verknadar på vesentlege naturtypeverdiar.
- Kartlegge og vurdere miljøtilstanden (ureining) på og kring verftsområdet.
- Ivaretaking av omsyn til naturbasert sårbarheit.
- Trafikksikker tilkomst til planområdet.

- Reguleringsplanen skal ta høgde for å bygge ut området ut frå ei klimatilpassing. Utforming av området og retningslinene i reguleringsplanen må ta høgde for det.



Figur 1: Framlegg til planavgrensing ved oppstart av planarbeidet. Nye funksjonar/tiltak som del av planen er illustrert med blå transparent farge og tilhøyrande tekst (Kartgrunnlag: Fylkesatlas).

Tilhøvet til overordna og gjeldande planar

Gjeldande kommuneplan for Hyllestad kommune er utarbeidd etter plan- og bygningslova frå 1985. I arealdelen til kommuneplanen er det aktuelle arealet på land avsett til industri-føremål. Arealet i sjø er avsett til vassareal for ålmənt fleir bruk. Jamfør plan- og bygningslova frå 2008 er det lagt til grunn at føremålet samsvara med bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Planområdet er frå før av ikkje planavklara i detaljreguleringsplan.

Planprosess

Det er helde oppstartsmøte med kommunen den 19.12.2024, og avklara at med bakgrunn i planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet vil kommunen tilrå oppstart av planarbeidet.

Kommunen har lagt til grunn følgjande for å tilrå oppstart av planarbeidet:

- Vurdere å gjennomføre ope folkemøte

- Orientering om planarbeidet frå Tersan Havyard i plan- og samfunnmøte den 4. februar.

Planen fører etter kommunen si vurdering til krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova, men ikkje utarbeiding av planprogram.

Kommunen har vurdert kven som skal varslast om planarbeidet. Alle kjende grunneigarar/naboar som grensar til eller ligg innanfor planområdet får tilsendt dette varselet. I tillegg vert oppstart av planarbeid annonsert i Firda og lagt ut på nettsida til Hyllestad kommune <http://www.hyllestad.kommune.no>

For nærmere informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Cornelis Erstad
mob. 410 43 715
e-post: cornelis.erstad@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS
v/Cornelis Erstad
cornelis.erstad@norconsult.com
Campus Fosshaugane
Trolladalen 30
6856 Sogndal

Vi ber om at ev. innspel til varsel om planoppstart vert sendt skriftleg innan 27.01.2025.

Med vennleg helsing
Norconsult AS

Cornelis Erstad
Arealplanleggjar

Vedlegg 1 – Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing (ligg på nettsida til Hyllestad kommune)
Vedlegg 2 – Referat frå oppstartsmøte (ligg på nettsida til Hyllestad kommune)